



Internasjonal orientert, aktiv og attraktiv




Internasjonal strategi 2016-2019

Vedtatt Time kommunestyre 13.12.2016



Time kommune







Innleiing



Time kommune sin internasjonale strategi gjev retning for det internasjonale engasjementet kommunen skal ha og er eit verktøy for å møta internasjonaliseringa og dei endringane i rammer, nettverk og andre føresetnader den fører til. Det internasjonale engasjementet til kommunen kan bidra til å styrkja dei kommunale tenestene og utvikla lokalsamfunnet gjennom å synleggjera nye moglegheiter, løysingar og samarbeid.

Time kommune fekk sin første internasjonale strategi i 2011, som ei stadfesting av at internasjonalt engasjement er ein overgripande del av kommunen si verksemd.

Målet er å spissa og utvikla det internasjonale engasjementet slik at det er til nytte for utviklinga av den kommunale organisasjonen og møter næringslivet og innbyggjarane sine behov i forbindelse med internasjonalisering og internasjonal kontakt.

Kommunen sitt internasjonale engasjement skal vera dynamisk og til nytte for tenesteutvikling og innovasjon i organisasjonen. Internasjonale prosjekt skal i størst mogleg grad vera knytt til mål som er formulerte i kommuneplanen sin samfunnsdel og i økonomiplanen. I perioden 2017-2019 er eit smart lokalsamfunn, tidleg innsats og innovasjon og omstilling sentrale satsingsområde i kommunen.

Hovudaktivitetar er å leggja til rette for og delta i kompetanseoverføring, skapa møteplassar som stimulerer til internasjonale relasjonar og å bidra som vertskap i samband med innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar sin internasjonale kontakt.

Som medlem i KS, Greater Stavanger og Stavangerregionens Europakontor dreg Time kommune nytte også av desse organisasjonane sitt internasjonale engasjement, kompetanse og nettverk.

EØS-avtalen vert stadig meir omfattande, og EU- reglar vert fort-løpande tatt inn i norsk lov. Ifølge NOU 2012:2 «Innenfor og utenfor, Norges avtaler med EU» er kunnskapsnivået om EU og EØS er svært lågt i offentleg sektor, som demed ikkje nyttar muligheitene for nettverk, læring, prosjekt og marknader fullt ut.

Time kommune har gjennom mange år hatt vennskapskommunar i Danmark, Sverige, Finland og England. I siste perioden er vennsapsavtalane med Lappträsk i Finland og Allerød i Danmark avvikla og avtalen med Älmhult i Sverige er under avvikling i planperioden. Alnwick i England er ikkje lenger ein eigen kommune, men ein bykommune i storkommunen Northumberland. I 2016 vart 30-årsjubileum for vennskapet mellom Time og Alnwick feira, og det vart uttrykt ønskje om å halda fram kontakten, med fokus på ungdom.

Time kommune har også eit nært forhold til Villa Faraldi kommune i Liguria, Italia, knytt til kunstnaren Fritz Røed frå Bryne som levde og hadde atelieret sitt i landsbyen og som gav Bryne ein skulpturpark.

Time kommune har medlemsskap i «Sunne kommuner», som er ein del av WHO Healthy Cities Network i Europa. Nettverket arbeider lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skapa lokalsamfunn som er gode, sunne og trygge å leva i.

Det vert i strategien for 2016-2019 ikkje lagt opp til å knytta nye vennsapsavtalar, men heller samarbeida internasjonalt der det er aktuelt for tema og saksområde, og i prosjekt som kan styrkja samfunns- og tenesteutviklinga.



Fargeglobus - fleirkulturell innovasjon

Rollar i internasjonal aktivitet

Ordførar

Representasjon og vertskap i samband med internasjonale besøk.
Vennskapsavtalar og vennskapssamarbeid
Setja dagsorden når det gjeld internasjonalisering og internasjonale spørsmål lokalt

Rådmann

Internasjonalt perspektiv og kompetanse i den kommunale administrasjonen
Internasjonale prosjekt som styrkjer tenesteytinga

Kommunikasjonssjef

Koordinator og rådgjevar for internasjonale prosjekt
Kontakt og koordinator for internasjonale besøk
Kontakt og samarbeid med Stavangerregionens Europakontor
Kontakt og samarbeid med internasjonale organisasjonar og kontaktar

Næringssjef

Kontakt med bedrifter som har eller ønskjer internasjonalt engasjement
Pådrivar for internasjonale prosjekt som kan vera nyttige for næringslivet
Delta i relevante internasjonale nettverk
Kontakt med nasjonale organisasjonar i internasjonale næringsmessige spørsmål
Kontakt med nasjonale støtteordningar for eksportmoglegheiter

Kommunalsjefar og tenesteleiarar

Delta i internasjonale nettverk og prosjekt som styrkjer tenesteutviklinga i tråd med overordna planar



Interkommunalt samarbeid som tema - besøk av polske ordførarar 2014



Besøk av vietnams ambassadør Le Thi Tuyet Mai 2014

Samarbeidspartnarar

Greater Stavanger

Studieturar og arrangement med internasjonale nettverk.

Samarbeid om kompetanseheving og nettverksbygging for bedrifter som ønskjer å satsa internasjonalt.

Vertskapssamarbeid i samband med besøk av internasjonale delegasjonar.

KS

Samarbeid om EØS-prosjekt

Vertskapssamarbeid i forbindelse med besøk av internasjonale delegasjonar

Påverknad i EU-saksprosessar

Stavangerregionens Europakontor

Rådgjeving om prosjekt, studieturar, samarbeid og internasjonal orientering

Informasjon om EUs politikk og program og muligheiter og avgrensingar EØS-avtalen gjev norske kommunar, næringsliv og kunnskapssektoren.


Time kommune er representert i arbeidsgruppa og i Europeanettverket .

Region Stavanger

Rådgjevar om korleis kommunen kan vera internasjonalt attraktiv og tilretteleggjar for utvikling av reiselivs-aktivitetar

Rogaland fylkeskommune

Rådgjevar, pådrivar og samarbeidspartnar i europeiske prosjekt



Stavangerregionens europakontor for Brussel 2012



Mål for internasjonal aktivitet

Time kommune sin internasjonale aktivitet skal bidra til å oppfylle visjonen trygg og framtidsretta. Kommunen skal vera internasjonalt orientert, aktiv og attraktiv i rolla som tenesteytar og samfunnsutviklar. Det internasjonale engasjementet skal bidra til vekst og utvikling og gode tenester for innbyggjarar og næringsliv

Ein internasjonalt orientert kommune

Time kommune sin organisasjon har kompetanse og er oppdatert på dei internasjonale reglane, rammene og føresetnadene som er relevante for og har konsekvensar for kommunen si drift og utvikling.

Ein internasjonalt aktiv kommune

Time kommune hentar inspirasjon, kunnskap og kompetanse gjennom internasjonale relasjonar, prosjekt og nettverk og støttar opp om innbyggjarar og næringsliv sine internasjonale initiativ.

Ein internasjonalt attraktiv kommune

Time er ein open og attraktiv kommune for næringsliv, arbeidstakarar og samarbeidspartnarar i eit internasjonalt perspektiv.

Utfordringar

1. Ha tilstrekkeleg språk- og kulturkompetanse i eit stadig meir internasjonalisert samfunn
2. Ta i bruk internasjonale moglegheiter for å løysa utfordringane i samfunns- og tenesteutviklinga
3. Gjera lokale fortrinn kjende internasjonalt og etablera samarbeid for å styrkja dei
4. Etablerar og avvikla internasjonale relasjonar ut frå kva som styrkjer organisasjonen, lokalsamfunnet og næringslivet





Strategiar for internasjonal aktivitet

Time kommune har tre satsingsområde for internasjonalt engasjement, og ut frå desse strategiar og tiltak:

1. Internasjonalt perspektiv i samfunnsutviklinga
2. Internasjonale perspektiv i tenesteutviklinga
3. Eit internasjonalt orientert næringsliv



Formannskapet på studietur Aalborg smart city





Internasjonalt perspektiv i samfunnsutviklinga

Time kommune skal vera trygg og framtidsretta, og kommunen skal vera ein attraktiv stad å bu, besøkje samt etablera og finansiera næringsutvikling i.

Internasjonal aktivitet kan gje verdifull erfarings- og kompetanseutveksling som kan bidra til samfunnsutviklinga. Samtidig vert lokalsamfunnet stadig meir internasjonalt, og det er eit stort potensial i å bruka dei fleirkulturelle ressursane i samfunnet godt.

Kommunen samarbeider med organisasjonar, næringsliv, utdanningssektor og innbyggjarar om internasjonale aktivitetar. Kommunen er også ein viktig bidragsytar når det gjeld å leggja til rette for språkleg, internasjonal og kulturell kompetanse som globaliseringa krev.

Kultur, næring, læring og folkehelse er område der kommunen vil leggja særleg til rette for internasjonalt samarbeid.





Livsglede med internasjonal mat i Sandtangen

Dette vil me gjera:

- Auka kunnskapen om og engasjementet for internasjonal aktivitet blant innbyggjarar, organisasjonar og bedrifter i lokalsamfunnet
- Skapa internasjonale møteplassar i lokalsamfunnet
- Bidra til å auka språkleg og kulturell kompetanse blant innbyggjarar og næringsliv
- Visa interesse for at organisasjonar og bedrifter har internasjonal kontakt
- Leggja til rette for at barn og unge får delta i internasjonale aktiviteter
- Legga vekt på kultur som viktig element i internasjonalt samarbeid

Slik vil me gjera det:

- Arrangera årleg open internasjonal dag på Bryne kompetansesenter
- Aktivt informera om og invitera til internasjonale møteplassar og prosjektmoglegheiter
- Bruka aktivt kompetansen asylsøkjjarar, flyktningar og innvandrarak som er i kommunen har med seg
- Bidra til å arrangera årleg eksportdag for bedrifter på Jæren
- Gå inn i internasjonale partnarskap saman med lokale bedrifter
- Leggja til rette for bedrifter og organisasjonar som vil arrangera språkkurs
- Delta i internasjonale besøk og stilla lokale til disposisjon ved behov når organisasjonar og bedrifter har internasjonale besøk
- Etablere og leggja til rette for internasjonale prosjekt, utveksling og nettverk for barn og unge
- Ta initiativ til internasjonale samarbeid som gjeld kultur



30-års jubileum for vennskapet mellom Time og Alnwick 2016



Besøk frå Villa Faraldi under Fritz Røed-jubileet 2014



Internasjonale perspektiv i tenesteutviklinga

Internasjonale relasjonar kan gje inspirasjon og verktøy til å løysa tenesteutviklinga med høgare kvalitet eller meir effektivt. Internasjonalt nettverkssamarbeid, prosjekt og studiebesøk gjev høve til å samanlikna praksis og dela erfaringar. Dette kan leggja grunnlag for innovasjon og utvikling av tenester og organisasjon.

Deltaking i internasjonale prosjekt, nettverk og relasjonar må ha ein verdi for kommunen. Aktiviteten må vera relevant og ikkje for omfattande, og det må vera eit høgt potensiale for læring og utvikling. Særleg når det gjeld digitalisering, velferdsteknologi, VAR-tenester og tidleg innsats for ulike grupper i befolkninga, har kommunen mykje å henta på å delta og læra i internasjonale nettverk og arenaer.

Lokalsamfunnet vert stadig meir internasjonalt, og det er ein verdi i seg sjølv å leggja til rette for kulturelt mangfald i Time kommune som organisasjon.



Dette vil me gjera:

- Delta i europeiske prosjekt, nettverk og kompetansetilbod
- Leggja til rette for og prioritera internasjonal kontakt
- Leggja til rette for at internasjonale besøk i Time gjev kunnskapsutveksling
- Sjå verdien av det internasjonale mangfaldet i kommuneorganisasjonen
- Vera oppdaterte på internasjonale regelverk og endringar som har konsekvensar for den kommunale drifta

Slik vil me gjera det:

- Nytt Stavangerregionens Europakontor og KS sine internasjonale nettverk og tilbod
- Delta i prosjekt eller nettverk innanfor digitalisering, læringsteknologi og velferdsteknologi
- Arrangera intern årleg temadag «ut i Europa» for å inspirera tilsette til å delta i internasjonale prosjekt og nettverk
- Delta på internasjonale messer og andre møteplassar for å få kunnskap om trendar og produkt som kan betra eller effektivisera tenestene
- Delta aktivt i nettverk som Norwegian Smart Care Cluster og andre delings- og læringsarenaer
- Delta aktivt i Verdens helseorganisasjon (WHO) sitt norske nettverk «Sunne kommuner»
- Tilby språkkurs for politikarar og tilsette med internasjonal kontakt
- Leggja til rette for internasjonal hospitering for tilsette
- Intern internasjonal gruppe samordnar aktivitet, sprer informasjon og delar erfaringar som gjeld internasjonalt engasjement i organisasjonen
- Vurdera breitt kven som har fagleg nytte av å delta i internasjonale besøk
- Opna for å motta internasjonale studentar i alle tenesteområda
- Bruka etnisk mangfald som ressurs i organisasjonskulturen.
- Tilby språkkurs for fleirspråklege tilsette
- Delta på kurs og arenaer som gjev oss oppdatert kunnskap om EØS-regelverk
- Spre brev frå KS og Stavangerregionens Europakontor i heile organisasjonen



Formannskapet på studietur Aalborg smart city 2016



Enæringsprosjekt med inspirasjon frå Almhult



Rådmannen si leiargruppe på studietur om innovasjon til Aarhus 2013



Eit internasjonalt orientert næringsliv

Bedriftene på Jæren er internasjonalt orienterte, og har lenge hatt nytte av internasjonal inspirasjon og eksportmoglegheiter. Stadig fleire bransjar er internasjonalt konkurranseutsette, og inntektssvikt i den nasjonale marknaden gjer også at stadig fleire må venda seg til kjøparar utanfor Norge.

Dei fleste norske bedriftene er små og mellomstore, og bedriftsnettverk er viktige støtteapparat for eksport og internasjonal kontakt. Her har kommunen ei viktig rolle som støttespelar for slike nettverk.





Besøk av polske ordførarar 2014 i samarbeid med KS



Dette vil me gjera:

- Fremja lokale bedrifter si deltaking i europeiske prosjekt, nettverk og kompetansetilbod
- Kartleggja og møta behov internasjonale turistar og næringsdrivande har når dei besøkjer Jæren
- Synleggjera lokale bedrifter internasjonalt og leggja til rette for internasjonal kontakt

Slik vil me gjera det:

- Informera aktivt om internasjonale marknadsmoglegheiter
- Invitera samarbeidspartnarar med internasjonalt fokus til lokale næringstreff
- Motivera for internasjonale hospiteringsordningar i bedriftene
- Utarbeida ein fleispråkleg næringsbrosjyre
- Fleispråkleg informasjon for bedrifter på nettsidene til kommunen
- Arrangera årleg faglig eksportdag for bedrifter på Jæren
- Gå inn i internasjonale partnerskap saman med lokale bedrifter
- Delta på internasjonale besøk og stilla lokale til disposisjon ved behov når organisasjonar og bedrifter har internasjonale besøk
- Bidra til aktuelle bedriftsbesøk i samband med internasjonale besøk



Internasjonalt besøk til kommunen



Bilde: side 2-3: Fotograf Asle Haukland “Høgt og nært, rundt og rundt”
alle andre bilde: Time kommune.

